

Notat

Dato: 16.07.2014
Arkivsak: 2014/19309-1
Saksbehandlar: karnyga3

Til: Samferdelsutvalet, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Prosjekt nye ferjeanbod

1. Bakgrunn

Framtidig ferjeanbod har ved fleire høve vore politisk handsama, mellom anna i fylkesutvalet 24. mai 2012 og fylkestinget 11. mars 2014:

- Fylkesutvalet 24. mai (sak 119/12):
 - «Fylkesutvalet vedtek å starta opp hovudprosjekt for implementering av miljøvenleg framdriftsteknologi i ferje- og snøggåtdrifta i fylket.
 - Fylkesutvalet ber om å få attende sak om konkurranseform for aktuelle ferjesamband saman med budsjett og finansieringsopplegg for arbeidet med konkurransegrunnlaget.»
- Fylkestinget 11. mars (sak 3/2014):
 - Vedtatt:
«Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak der ein vurderer ulike strategiar for å optimalisera ferjeanboda med omsyn til kostnad og kvalitet.»
 - Oversendt til fylkesrådmannen:
«Ein av fleire alternative innkjøpsstrategiar kan vera å dele ferjeanboda i to; ein del for den operative drifta av ferjesambanda og ein del for innleige av ferjemateriell (lenger anbodsperiode)»

Prosjekt Nye ferjeanbod starta i mai, har utarbeida prosjektplan og eit fyrste kostnadsoverslag på kva eit nytt ferjeanbod kan kome til å koste.

Prosjektet legg til grunn dei politiske vedtak som er gjort og anna styrande dokumentasjon. Det gjeld mellom anna Regional transportplan Hordaland 2013 – 2024, Kollektivstrategi for Hordaland, Utviklingsplan for Skyss og Miljøstrategi for Skyss.

2. Finansiering er ei hovudutfordring

Eit fyrste generelt kostnadsoverslag, som og byggjer på andre sine erfaringar med tilsvarande anbudsprosessar, tyder på ein kostnadsvekst på mellom 20 og 40%. Ei betydeleg kostnadsvekst gjer at ein tidleg bør ta stilling til finansieringa av framtidig ferjetilbod. Dette må og sjåast i samanheng med ambisjonane ein ønskjer å realisera med nye ferjeanbod.

Dette kostnadsoverslaget er framleis svært usikkert og prosjektet jobbar vidare med eit kostnadsoverslag med eit betre og meir detaljert grunnlag. Dette vert å kome attende til.

Møre og Romsdal Fylkeskommune har hatt ein kostnadsvekst på 100 MNOK på sine samband. Det har vore politiske og administrative møter med sentrale myndigheiter, utan at dette har gitt uttelling i høve auka overføringer.

3. Alternative modellar

Prosjektet har starta arbeidet med å utarbeide alternative strategiar som grunnlag for politisk handsaming. Desse er nedfelt i alternative hovudmodellar. Desse vil ikkje vere gjensidig utelukkande av kvarandre, men er meint å vere eit diskusjonsgrunnlag.

1. Dagens kostnadsnivå
 - a. Prosjektet arbeider med ein modell som legg til grunn dagens kostnadsnivå. I høve dei kostnadsoverslaga for framtidig tilbod som no ligg føre, inneber dette ei reduksjon av rutetilbodet og ei vidareføring av dagens krav til materiell.
2. Dagens rutetilbod med nokre tilpassingar
 - a. Denne modellen tek sikte på å oppretthalde dagens rutetilbod med noko fornying av ferjeflåten og med miljøkrav på minimum Tier2 (miljøstandard EU / Marpol). I tillegg kan ein legge opp til at nyare typar ferjemateriell nyttar hybride løysingar kor batteri vert ein del av framdriftsteknologien.
3. Utvida rutetilbod med ei større satsing på miljøteknologi og fornying av ferjeflåten
 - a. Her vil graden av satsing på miljøteknologi og nye ferjer vere høgare, og rutetilbodet vil vere betre.

Det må takast atterhald om strukturen i desse alternativa. Modellane vil vere ein viktig del av arbeidet i prosjektet og vil verte endra og korrigert etter kvart som ein gjer seg nye erfaringar i prosessen. Modellane dekker heller ikkje alle aktuelle områder. Til dømes vil anbudsform vere eige tema.

4. Erfaringslogg

Prosjektet har lagt vekt på å hente inn erfaringar frå andre som har gjennomført anbodprosessar. Det vil bli gjennomført erfaringsmøte med følgjande aktørar:

- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Nordland fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Vegdirektoratet
- AtB
- Ruter

Nokre av desse erfaringsmøtene er allerede gjennomført. Erfaringane frå desse møta blir nedfelt i egne referat og vil vere eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet i prosjektet.

Dialog med marknaden, dvs. representantar for operatørane, vil skje gjennom egne dialogkonferansar.

5. Prosjektplan

Målsettinga med prosjektet er å sikre at nødvendige avklaringar og vurderingar vert gjort inn i prosessane med å utarbeide nye ferjeanbod. Prosjektet skal levere inn grunnlag til arbeidet med konkurransen om nye ferjeanbod. Sjølve utforminga av konkurransegrunnlaget ligg utanfor prosjektet.

- Delmål
 - Utreie rammene for eit kostnadseffektivt framtidig ferjetilbod (desember)
 - Avgjerd om utløysing av opsjonar (august)
 - Avklare og utarbeide innstilling på overordna rutetilbod (september)
 - Avgjere kva for inndeling i rutepakker ein skal nytte (oktober)
 - Avklare og utarbeide forslag til innstilling når det gjeld krav til materiell og miljøteknologi (oktober)
 - Avklare og utarbeide forslag til innstilling om kontrakttype (netto, brutto og «Nordlandsmodellen») og intensivmodell (oktober)
 - Synleggjere kostnadene ved alternative modellar (november)

Prosjektet skal levere underlag til politisk sak som skal handsamast i samferdselsutvalet 21. januar og fylkesutvalet 29. januar. Alle tema, unnateke opsjonar i eksisterande kontraktar og rutepakkeinndeling, vil her bli handsama. Avslutning av prosjektet er planlagt februar 2015.